



VEDTEKTER FOR NORDHORDLAND FOTOKLUBB

§ 1 KLUBEN

- 1.1 Nordhordland Fotoklubb er skipa 23. mars 1982, og er tilslutta Norsk Selskap For Fotografi (NSFF)
1.2 Nordhordland Fotoklubb er partipolitisk nøytral.

§ 2 FORMÅL

- 2.1 Formålet med klubben er å fremje interesse for og utøving av fotografering, medverka til utvikling av sunne interesser og godt venskap, og vere til hygge og nytte for bygdene og folket.

§ 3 OPPGÅVER

- 3.1 Nordhordland fotoklubb skal leggja tilhøva til rette for at medlemmene kan utvikla seg som fotografar. Dette kan skje gjennom klubbmøter, deltaking i konkurransar, kurs, diskusjonar, bildevurdering og kontakt med andre klubbar/fotografar.

§ 4 MEDLEMSKAP

- 4.1 Alle som har interesse for fotografi/fotografering kan verta medlemmer i Nordhordland Fotoklubb mot å betale kontingent.
4.2 Medlemmene pliktar å rette seg etter dei vedtak som årsmøte, medlemsmøte, styre eller biletnemnd gjer.
4.3 Medlemmene skal betale kontingent til rett tid.
4.4 Medlemskapen følgjer kalenderåret.

§ 5 KONTINGENT

- 5.1 Medlemskontingenten vert kvart år fastsett av årsmøtet.
5.2 Medlemmer som ikkje har betalt kontingent seinast 14 dagar før årsmøtet, har ikkje røysterett på årsmøtet.

§ 6 ÅRSMØTE

- 6.1 Årsmøtet er klubben si høgaste styremakt. Årsmøtet skal haldast kvart år i januar månad.
6.2 Innkalling til årsmøtet skal skje seinast 14 -fjorten- dagar før møtet og skal innehalda sakspapira.
6.3 Saklista skal innehalda desse punkta:
1. Årsmelding 2. Revidert rekneskap 3. Eventuell vedtektsendring. 4. Saker som styret fremjar og andre innkomne framlegg.
5. Kontingent 6. Budsjett 7. Val
6.4 Styret sine medlemmer har ikkje røysterett ved godkjenning av årsmelding og rekneskap.
6.5 Årsmøtet vel formann mellom dei aktive medlemmene i laget for eit år om gongen. Styret vert forutan formann samansett av 4 -fire- personar som vert valde av årsmøtet for 2 år om gongen, men likevel slik at 2 styremedlemmer vert valde kvart år. Det skal og veljast 2 revisorar og 2 varamedlemmer til styret. I tillegg skal det veljast 1 medlem til biletnemnda.
6.6 Biletnemnda har tre medlemmer som vert valde for 3 -tre- år om gongen. Eitt medlem vert vald kvart år.
6.7 Røysterett på årsmøtet har medlemmer som i rett tid har betalt kontingent for inneverande sesong. Andre medlemmer har møte- og uttalerett.
6.8 Ekstraordinært årsmøte kan haldast etter vedtak i styret, eller når minst 3 -tre- medlemmer krev det.

§ 7 STYRET

- 7.1 Klubben vert leia av eit styre på 5 -fem- personar.
7.2 Styret konstituerer seg slik:
Formann (Vald av årsmøtet)
Skrivar
Kasserar (Kasserar kan veljast utanom styret.)
2 styremedlemmar (3 styremedlemmar dersom kasserar ikkje er med i styret.)
7.3 Alle vedtak på styre- og årsmøte skal først i møtebok
7.4 Styremøte skal haldast så ofte det er trong for det, og alltid dersom 2 -to- av styremedlemmene krev det.
7.5 Styret kan gjere vedtak når minst 3 -tre- medlemmer er til stades. I ikkje fulltalige møter må saker avgjerast samrøystes for å vera gjeldande. Ved usemje må saka leggjast fram for eit fulltalig styre.
7.6 Formannen skal leia styremøta og syta for at dei vedtak som vert gjorde vert ekspederte.

§ 8 OPPLØYSING

- 8.1 Oppløysing av klubben kan berre skje når 2 -to- påfølgjande årsmøte gjer vedtak om det, og då med 2/3 fleirtal.
8.2 Dersom eit årsmøte gjer vedtak om oppløysing av klubben, skal det omgåande veljast eit interimstyre på 4 medlemmer + leiar. Forutan å ta vare på eigedelane i klubben, skal dei arbeide aktivt for å få klubben i drift att. Ved eventuelt sal, skal fast eigedom avviklast sist.

§ 9 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

- 9.1 Endringar i desse vedtektene kan berre fattast i ordinært årsmøte, og då med 2/3 fleirtal.

§ 10 KONTROLL

- 10.1 Vedtak som klubben gjer må ikkje på nokon måte koma i strid med desse vedtektene.